

Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2025

Rådet har vore samansett slik med personleg vara bak

Leiar Tove Grethe Kolstad
Nestleiar Anette Gjelstad
Randi Enget
Kjetil Korbu Nilsen
Ellen Hæhre (AP)

Helene Skogen
Liv Karin Vambeset Skogen
Eli Døvresødegård Skattebu
Svein Brynhildsvold
Nikolay Flaaten (AP)

Vi har hatt sju møter i år. I tillegg har vi hatt korrespondanse på mail og telefon. Saker vi har arbeid med.

-Rådet har hatt utsending til Hamar på konferanse for kommunale råd for personar med nedsatt funksjonsnedsettjing.

-Plikter og rettigheter for rådsmedlemer.

-Orientering frå kommunedirektør om økonomi og budsjettarbeid.

-Orientering frå barnekoordinator om oppbygging av tenesta og dens oppgåver.

-Orientering frå beredskapsansvarleg om beredskap og eigen beredskap

Orientering frå kulturskulerektor om oppvekstmiljø, ungdomsklubben, og strakstiltak for ungdommen.

Info ved Elisa Ulfstedt om prosjektet INKLU eit samarbeidsprosjekt som skal gjera Øystre Slidre og Beitostølen til Norges beste kommune for innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og gjester

Vi har vore invitert til Tråkk skaper trøkk frå Beitostølen Helsesportsenter.

-Vi har sendt innspel til:

*Økonomiplan med ynskje om palliativt team, demens team, kvardagsteknologi, kvardagsrehabiliteringsteam og auka grunnbemanning innan tilrettelagte tenester, helse, skule og barnehage.

*helse- og omsorgsplan. Ynskje om forebyggjande heimebesøk, transportordningar som fungerer, støttekontakter, gjera helsetenester meir synlege, styrke demensomsorga, demenssteam, tverrfagleg palliativt team og utfordringar rundt aukande barneautisme.

*og til Fjellstyret ang toalett ved tilrettelagt fiskeplass i stølsområde.

Demensomsorga i Øystre Slidre. Demenskontakt fortalde om organisering av demensomsorga dagens dagtilbud og planer framover med bla Treffpunkt Heggnes.

-Rådet har vore med i planlegging av uteområdet på ungdoms-skula spesielt med tanke på universell utforming.

Leiar har delteke på møte i samhandlingsrådet for Frivilligsentralen i kommuna.

-Rådet har fått orientering om utfordringar med parkeringssituasjonen for HC på Beitostølen. Etter innspel frå rådet har kommuna no teke tak i saka, med å følgje opp pålegg i forhold til utbyggjarar.

-Diplomen i år gjekk til Kirsten Flagstad og Røde kors besøkshunden Minni som kjem på besøk til Helsetunet og omsorgsboligane kvar onsdag. Dette er til stor glede for bebruarane og dei har gjort det sidan 2017

Kølstad 11.2.26

Tove Grethe Kolstad